

**Sakshandsamar:**

Joar Helgheim  
E-post: joar.helgheim@sfj.no  
Tlf: 415 30 955

**Vår ref.**

Sak nr.: 10/6364-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

1418/11

**Dykkar ref.**

Det Kongelige Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

**Dato**

LEIKANGER, 31.01.2011

## Svar - Høyring - Forslag til utredningsområder for havvind

Vi viser til dykkar brev dagset 24.11.2010, ref. 09/01702-5.

### **Generelt om vindkraftsatsing til havs**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til at det vert gjort utgreiingar med tanke på etablering av vindkraftanlegg, i havet utanfor Sogn og Fjordane. Vi har drøfta satsing på utbygging av ny fornybar energi i samband med diverse plan- og strategiarbeid, slik som Strategi for satsinga på fornybar energi i Sogn og Fjordane, Fylkesdelplan for klima og miljø og Regional plan for vindkraft.

I klima og miljø-planen har vi mellom anna sagt at ein skal ”*Utnytte potensialet som klimaendringane gir for etablering ny ”grøn” næring/ nye ”grøne” produkt*”. Vi tok i 2009, som oppfølging av strategi for satsing på fornybar energi, initiativ til og etablerte Vindkraftforum for Sogn og Fjordane Det overordna målet for vindkraftforumet er: “*Sikre utbygging og drift av vindkraft på brei front i fylket – særleg realisering av den første fullskala offshore vindparken i Noreg utanfor Sogn og Fjordane, med størst mogleg tilhøyrande verdiskaping og teknologiutvikling i vårt fylke*”. Framlegg til strategisk konsekvensutgreiing for havvind er såleis i tråd med våre strategiar.

I Sogn og Fjordane ynskjer vi å satse på næringsutvikling knytt til vindkraft, og fleire miljø har allereie etablert seg med tanke på vidareutvikling av vindressursen til havs. Lutelandet Industriområde er utvikla for handtering og montering av offshore installasjonar, Florø med STX Florø og Fjordbase er i gang med prosjekt knytt til offshore vind og så har vi ”vindklynga i Måløy”, med blant anna Måløy Verft som har utvikla ein servicebåt for bruk i vindparker til havs.

### **Innspel til strategisk konsekvensutgreiing - planprogram**

- Kommunar må involverast når det er utgreiingsområde som ligg nær inntil deira grenser.
- Ein bør vektlegge skilnader i samvariasjon i produksjonstid mellom dei aktuelle utgreiingsområda og vindbeltet i Danmark, Tyskland, Storbritannia og Nederland, når ein avgjer kva område som skal opnast for vindkraftproduksjon, jamfør kap. 3.1.2, femte avsnitt.
- Bør vurdere om det er behov for å etablere eitt eller fleire større vindkraftanlegg som kunne fungere som forskning-/testområde, slik at ein kunne skaffe seg betre kunnskap om miljøkonsekvensar av vindkraftanlegg til havs. For eksempel dersom ein meiner at “føre-var”-prinsippet i naturmangfaldlova krev det, før ein kan gå vidare med opning av fleire vindkraftområde.



- Distrikts- og næringspolitiske konsekvensar bør vurderast. Til dømes i kva grad kan opning av vindkraftområde til havs brukast strategisk for å nå distrikts- og næringspolitiske mål. For eksempel mål om å oppretthalde spreidd busetnad.
- Lokal fagkompetanse hos til dømes regionkontora til Fiskeridirektoratet og Kystverket må involverast. Bør eventuelt vurdere om det er behov for å styrkje desse fagmiljø, for at dei skal kunne medverke til at eventuelle vindkraftprosjekt til havs gjev minst muleg negative konsekvensar for andre interesser.
- Svært viktig med gode vurderingar av kva konsekvensar vindkraftutbygging kan få i høve fiskeri og fangst (kval-), for kvart einskild område. Lokale fiskarar bør involverast for å medverke til, og kvalitetssikre, utgreiingane.
- Fotorealistisk visualisering er særleg relevant å gjennomføre i høve område “nær” land, dvs. Olderveggen og Frøyagrunnene i høve Sogn og Fjordane.
- Viktig å gjere gode vurderingar av risiko ved etablering av vindkraftanlegg til havs og behov for tryggingstiltak, for eksempel i høve til skipshavari og potensial for oljesøl.
- Petroleumsinteressene og vindkraftinteressene må samordnast, både i høve areal og felles infrastruktur.
- Vurdere om utbygging av vindkraft i utgreiingsområda har konsekvensar for anna fornybar energiproduksjon, for eksempel i kva grad det gjennom å legge beslag på nettkapasitet vil vere til hinder for etablering av ny vasskraftproduksjon, om det skapar behov for regulering av vasskraftproduksjonen og liknande.

#### ***Innspel til prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar***

- Friluftslivs- og reiselivsinteresser bør kartleggast, spesielt når det er snakk om prosjekt “nær” land, slik som Olderveggen og Frøyagrunnene.
- Vindkraftanlegg til havs bør sjåast i samanheng med kraftanlegg til lands for eventuelt å få til felles nettløysingar. For utgreiingsområda som er foreslått utanfor Sogn og Fjordane, vil det vere naturleg og sjå på melde/søkte vindkraftanlegg, slik som Guleslettene, Marafjellet, Bremangerlandet, m.fl.

#### ***Innspel til område som bør vere del av strategisk konsekvensutgreiing i fyrste fase***

- Vi støttar utgreiing av dei foreslegne områda, i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff  
Fylkesdirektør

Joar Helgheim  
rådgjevar

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Det Kongelige Olje- og energidepartementet Postboks 8148 Dep. 0033 OSLO

Kopi til: